



SANDE KOMMUNE

MØTEPROTOKOLL

Utval: Kontrollutvalet
Møtestad: Sande rådhus - Formannskapssalen
Dato: 22.11.2017
Tid: 08.00 – 10.15

Faste medlemmar som møtte:

Namn	Funksjon	Representerer
Olav Myklebust	Leiar	
Linda Solveig Dyrhol	Nestleiar	
Gro Brandal	Medlem	

Faste medlemmar som ikkje møtte:

Namn

Wenche Gjerde Sætre
Asbjørn Støylen (Ikkje meldt
fråfall)

Varamedlemmar som møtte:

Namn

Torbjørn Rekdal

Frå Vest kontroll møte:

Namn	Stilling
Jostein Støylen	Dagleg leiar

Frå Søre Sunnmøre kommunerevisjon IKS (SSKR IKS):

Namn	Stilling
Alf Marius Grønnevik	Forvaltningsrevisor

Frå kommuneadministrasjonen og politisk hald møte:

Namn	Stilling
Oddbjørn Indregård	Konst. rådmann. I sak 44 og 46
Dag Vaagen	Ordførar. I sak 44 og 46

SAKLISTE

- SAK 40/17 GODKJENNING AV INNKALLING OG SAKLISTE. MØTEPROTOKOLL
- SAK 41/17 GODKJENNING AV MØTEPROTOKOLL FRÅ SISTE MØTE
- SAK 42/17 GJENNOMGANG AV MØTEPROTOKOLLAR 2017
- SAK 43/17 MELDINGAR
- SAK 44/17 OFFENTLEGHEIT I KOMMUNAL SEKTOR – TILBAKEMELDING
- SAK 45/17 FORVALTNINGSREVISJONSPROSJEKT – TIDLEG INNSATS
- SAK 46/17 BRUK AV HASTEPARAGRAFEN – TILBAKEMELDING
- SAK 47/17 UNDERSKRIFT AV MØTEPROTOKOLLEN

SAK 40/17 GODKJENNING AV INNKALLING OG SAKLISTE

Samrøystes vedtak

Innkalling og sakliste vart godkjent.
Sak 46 vert å behandle før sak 45.

SAK 41/17 GODKJENNING AV MØTEPROTOKOLLEN FRÅ SISTE MØTE

Samrøystes vedtak

Møteprotokollen frå møtet den 19.10.2017 vert godkjent.

Vedlegg

Møteprotokollen frå møtet den 19.10.2017.

SAK 42/17 GJENNOMGANG MØTEPROTOKOLLAR 2017

Samrøystes vedtak

Kontrollutvalet har, på noverande tidspunkt, ikkje merknadar til gjennomgådde møteprotokollar.

Saksopplysning

Gjennomgang av møteprotokollar er oppfølging av vedtak, samt at avvik som t.d. habilitet, sakshandsaming, opplysningar m.v. gir kontrollutvalet grunnlag for å ta opp tilhøve i kommunen.

Møteprotokollar til gjennomgang:

Kommunestyret	31.10	
Formannskapet	17.10	07.11
Helse- og oppvekstutvalet	25.10	15.11
Næring-, teknisk- og miljøutvalet	25.10	15.11
Råd for likestilling av funksjonshemma	13.11	
Eldrerådet	13.11	
Ungdomsrådet	24.08	04.09
Administrasjonsutvalet		
Arbeidsmiljøutvalet		
Valstyret		
SSR IKS – styret		Sendt til leiar
SSR IKS – representantskapet		Sendt til leiar

SAK 43/17 MELDINGAR

Samrøystes vedtak

Kontrollutvalet tek meldingane til vitende.

Vedlegg

1. Kommunal økonomi, oktober 2018: «Dagens føring av pensjon bør opphøre»
2. Sande kommune: Risiko- og sårbarheitsbilde for Sande kommune.

Saksopplysningar

Det vart og orientering frå sekretariatet/leiar om nyval i styret og budsjett 2018.

Ordfører og rådmann møtte no.

Det vart stilt to spørsmål til desse som ikkje var varsla:

- Om Risikoanalysa var politisk behandla – det får ein opplyst at den er.
- Om kommunen har dokument for kriseplan (krisehandtering) – det får ein opplyst at dei har. Ordfører er leiar. Kontrollutvalet ber om å få dokumentet.

SAK 44/17 OFFENTLEGHEIT I KOMMUNAL SEKTOR - TILBAKEMELDING

Samrøystes vedtak

1. Kontrollutvalet tek rådmannen si tilbakemelding av 07.11.2017 og orienteringa frå rådmann og ordfører i møtet på spørsmåla vedkomande offentlegheit i kommunal sektor til vitende.
2. Kontrollutvalet tek rådmannen si tilbakemelding av 07.11.2017 og orienteringa frå rådmann og ordfører i møtet på spørsmåla vedkomande møte i omstillingsarbeidet i forplikande plan for å kome ut av Robek til vitende.
3. Kontrollutvalet registrerer at lov og regelverk for lukking av politiske møte ikkje har vore gjort i samsvar med gjeldande regelverk i samband med møte i styringsgruppa/formannskapet 14.06. og 17.10.2017. Kontrollutvalet oppmodar om at dei ansvarlege får opplæring slik ein unngår feil i framtida.

Vedlegg

1. Notat frå advokat Kjetil Kvammen, av 16.10.2017
2. Notat frå advokat Kjetil Kvammen, av 14.11.2017

Saksopplysning

Kontrollutvalet retta ein del spørsmål (i feitt skrift) i sak 36/17 til rådmannen vedkomande dokumentoffentlegheit og møteoffentlegheit. Kontrollutvalet stilte og ein del spørsmål vedkomande møte i omstillingsarbeidet i forplikta plan for å kome ut av Robek. Rådmannen si tilbakemelding (i kursiv) av 07.11.2017 gir eit greitt bilde av rutinane.

- **Dokumentoffentlegheit**

1. **Har kommunen skriftlege rutiner for skjerming av informasjon i postlista?**

Rutinar for sakshandsamarar har følgjande setning: Sakshandsamar har ansvar for gradering av både inngåande og utgåande brev som inneheld opplysningar unnateke offentlegheit. I tillegg har Servicekontoret eiga rutine for postrutine, der bl.a. dokumentet «kva dokument skal vere unnateke offentlegheit» er ein del av rutina. I postrutina er det også beskrevet i pkt. 5: Arkivsøk – dagleg rutine og kvalitetssikring for arkivpersonell.

Sjå også informasjon om personvern på heimesida til Sande kommune: <http://sande-mr.kommune.no/default.asp?page=9453,9545&item=58439,1&lang=1>

2. **Har kommunen skriftlege rutiner for å vurdere informasjon etter prinsippet om meirinnsyn?**

Offentleglova sin hovudregel er at alle sakedokument i kommunen er offentlege, dersom det ikkje er gjort unntak som er heimla i lov. Sjølv om eit dokument kan unnatakas frå

offentleg innsyn, skal kommunen vurdere om dokumentet likevel før kunne gjerast kjent heil eller delvis (meiroffentleg).

Sjå også heimesida: <http://sande-mr.kommune.no/default.asp?page=2662&item=63549,1&lang=1>

Sande kommune pliktar å følgje offentleglova, derfor er prinsippet om meiroffentlegheit alltid oppe til vurdering ved mottak av arkivverdige dokument.

3. Har kommunen skriftlege rutiner for handsaming av krav om innsyn?

Sjå heimesida: <http://sande-mr.kommune.no/default.asp?page=2662&item=63549,1&lang=1>

• Møteoffentlegheit

1. Har kommunen system og rutiner som sikrar kunngjering av politiske møter på ein føremålstenleg måte?

Sande kommune offentleggjer sine møteinnkallingar via innsynsportalen eInnsyn. Der ligg møtekalendaren, samt innkallingar og protokollar til dei folkevalde organa. I tillegg vert alle politiske møter kunngjorde ved artikkel på heimesida til Sande kommune.

Etter debatt i Forum for Formannskapssekretærar ser ein at dei aller fleste kommunar i Norge i dag har slutta med annonsering i lokalaviser for politiske møter.

2. Har kommunen skriftlege prosedyrar for lukking av møter i folkevalde organ?

Reglement for Sande kommunestyre, vedteke i K-sak 72/96,

§3-2: Opne eller stengde dører, teieplikt

Kommunestyret held sine møter for opne dører så langt ikkje anna følgjer av lovbestemt teieplikt eller vedtak etter kommunelova § 31. Når det gjeld teieplikt, så gjeld m.a. Forvaltningslova §§ 13.

Dette reglementet vert utdelt til alle dei folkevalde ved nytt kommuneval.

3. Har dei folkevalde motteke tilstrekkeleg opplæring om teieplikt og lukka/opne møter?

Alle folkevalde får tilbod om folkevaldopplæring ved nytt kommuneval. I 2015 var det Fylkesmannen i Møre og Romsdal som gjennomførte ei 2 dagers samling med alle folkevalde på Søre Sunnmøre.

• Møte om omstillingsarbeidet i forpliktande plan for å kome ut av Robek

Det pågåande omstillingsarbeidet i Sande kommune er basert på følgande vedtak:

- K. sak 88&16, forpliktande plan – avklaring av prosess (pkt c).
- K.sak 2/17, forpliktande plan – oppretting av omstillingsgrupper.

Dei to omstillingsgruppene har hatt fleire arbeidsmøter i 2017.

Styringsgruppa har hatt følgande arbeidsmøter:

- 14.06.17 – møte med omstillingsgruppe Oppvekst og omstillingsgruppe Pleie og Omsorg.
- 22.08.17 – møte med omstillingsgruppa for Oppvekst.
- 17.10.17 – møte med omstillingsgruppa for Pleie og Omsorg.

1. Kvifor vart ikkje møta 22.08.2017 og 17.10.2017 sett på saklista til formannskapet (som og er styringsgruppe) og inngikk i det ordinære formannskapsmøtet?

Omstillingsarbeidet var ikkje sak på dette formannskapsmøte – derfor var ikkje saka sett opp på saklista til formannskapet.

2. **Kvifor vart møte lukka?**

Det vart innleiingsvis orientert kort om status for møte og det kom framlegg om å lukke møte i samband med omstillingsgruppa sin presentasjon av sitt arbeid, med visning til §31, 5. ledd i kommunelova – «Et folkevalgt organ kan vedta å lukke et møte når hensynet til tungtveiende offentlige interesser tilsier det, og det vil komme fram opplysninger i møtet som kunne ha vært unntatt offentlig innsyn etter lov 19. mai 2006 (offentleglova) dersom de hadde stått i et dokument».

3. **Vart det vurdert meiroffentlegheit på saksdokumenta (rapportane)?**

Rapportane frå omstillingsgruppene har vorte unnateke offentlegheit med visning til § 14 i offentlegheitslova – «eit organ kan gjere unntak frå innsyn for dokument som organet har utarbeidd for si eiga interne saksførebuing».

Vi har fått ei juridisk vurdering frå advokat Kvammen på rådmannen si tilbakemelding av 07.11.2017, dat 14.11.2017 som ligg ved saka.

Konklusjon frå advokaten

«Styringsgruppa for omstillingsarbeidet er underlagt kommunelovens saksbehandlingsregler m.h.t. innkalling, sakliste, lukking m.v., og diskusjoner med prosjektgruppene / omstillingsgruppene er å anse som møter i organet dersom medlemmene i det folkevalgte organet sitter saman og diskuterer en sak som de har til behandling.

Kommuneloven tillater ikke at prosesser som inneholder saksbehandling og avgjørelser flyttes ut av det folkevalgte organet.»

Det som kjem fram tyder på at **prosedyrar for lukking av møter i folkevalde organ** ikkje vert praktisert i samsvar med gjeldande regelverk og at dei folkevalde ikkje har motteke **tilstrekkeleg opplæring om lukka/opne møter**. Jfr. pkt. 2 og 3 framom under møteoffentlegheit.

For å unngå feil i framtida er det viktig at det no vert gitt opplæring og informasjon om lovverk og prosedyrar for lukking av politiske møte.

Viser elles til notata frå advokat Kjetil Kvammen av 16.10.2017 og 14.11.2017.

I møtet

Ordførar og rådmann møtte og orienterte og svara på spørsmål.

Det vart presisert at kontrollutvalet tok tak i saka for framtidig læring og ber om at formalitetar vedkomande lukking vert følgde.

SAK 45/17 FORVALTNINGSREVISJONSPROSJEKT – TIDLEG INNSATS

Samrøystes innstilling

1. Kommunestyret tek til vitande forvaltningsrevisjonsprosjektet - Tidleg innsats, Sande Kommune. (Utarbeida av Søre Sunnmøre Kommunerevisjon IKS, datert 29.09.17).
2. Kommunestyret vedtek at revisjonen sine anbefalingar skal følgjast/utførast:
 - a) Kommunen skal vurdere om det skal opprettast faste møtepunkt mellom barnehageeiningane og PPT ute i barnehagane. Dette må vurderast i forhold til PPT sin kapasitet.
 - b) Kommunen skal sette i verk tiltak for å få implementert «prosedyre for å ivareta det einskilde barn under skulealder» og i større grad ute på einingane (barnhagane).

- c) Kommunen skal i sin skriftlege overgangsplan innføre rutinar for å fange opp førskulebarn som ikkje går i barnehage.
 - d) Kommunen skal i større grad enn tidlegare involvere komande kontaktlærar i overgangsarbeid/overgangsaktivitetar mellom barnehage og skule.
 - e) Kommunen skal vurdere om tilbakemelding frå skulen til barnehagen ved avslutta førsteklassetrinn bør inngå som ein del av overgangsplanen i kommunen.
3. Kommunestyret vedtek at rådmannen rapporterer om status for gjennomføringane av anbefalingane, og eventuelt vidare framdrift, til kontrollutvalet innan **01.06.2018**.

Vedlegg

Søre Sunnmøre Kommunerevisjon IKS, *Forvaltningsrevisjonsprosjekt, Tidlig innsats, Sande Kommune*, datert 29.09.2017. Motteke 17.11.2017

Habilitet

Torbjørn Rekdal sr. tok opp om han var inhabil då han far til leiaren i PP tenesta.

Rekdal gikk frå og kontrollutvalet tok stilling til hans habilitet.

Kontrollutvalet vedtok at Torbjørn Rekdal var inhabil til å delta i behandlinga av sak 45/17, jf. forvaltningslova § 6.1 b.

Rekdal fekk melding om vedtaket og gikk frå under behandling av sak 45.

Saksopplysning

Viser til rapporten som ligg ved denne saka.

Kontrollutvalet i Sande kommune gjorde i sak 06/17 vedtak om eit forvaltningsprosjekt kring tidleg innsats og PPT. Målsettinga med prosjektet var å undersøke om kommunen følgjer lov, forskrift og retningslinjer med omsyn til å identifisere barn med vanskar, gjennomføring av spesialpedagogisk hjelp i barnehagar, og om ein kjem tidleg i gong med spesialundervisinga/tilrettelagt undervisning i grunnskulen.

Problemstillingar:

1. Korleis vert born med behov for spesialpedagogisk hjelp fanga opp av kommunen?
 - Korleis samarbeider dei ulike einingane i kommunen på dette området?
2. I kva grad har kommunen tilfredstillande ordningar ved overgang frå barnehage til grunnskule for born med særlege behov?
3. I kva grad tilfredsstiller PPT sakshandsamingstida som går fram av lov og forskrift?

Desse problemstillingane har revisjonen belyst i rapporten, med følgjande vurderingar og konklusjonar:

Problemstilling 1:

- **Korleis vert born med behov for spesialpedagogisk hjelp fanga opp av kommunen?**
- Korleis samarbeider dei ulike einingane i kommune på denne området?

Revisjonen konkluderer med (side 27 i rapporten):

PPT gjennomfører førebyggjande og systematisk arbeid i skulane og barnehage på fleire måtar. Tilbakemeldinga frå einingane viser at dei både er flinke og engasjerte. Og ein fekk inntrykk ute på einingane at ein samarbeidet godt med PPT og at dei var lett tilgjengelige.

Kommunen har forskjellige rutinar og kartleggingsverktøy for å fange opp barn med utfordringar både i barnehage og skule, mange av desse er utarbeida av PPT. PPT er også inne i både førskule og 1.klasse og observerer for å fange opp elevar med svake ferdigheiter. Av

utfordringar vert et vist til at enkelte av rutinane ikkje er godt nok implementerte på einingane og kommunen bør sette i verk tiltak for å betre dette.

Både skular og barnehagar gav tilbakemelding om at ein kjem tidleg i gong med å prøve ut tiltak i bekymringsfasen, kommunen har også skriftlege rutinar knytt til dette.

Kommunen har tilfredstilt krava i rettleiar i høve antal timar leksehjelp i veka.

Problemstilling 2:

- **I kva grad har kommunen tilfredstillande ordningar ved overgang frå barnehage til grunnskule for born med særlege behov?**

Revisjonen konkluderer med (side 32 i rapporten):

Kommunen har utarbeida ein skriftleg felles overgangsplan mellom barnehage og skule.

I høve forbetningspunkt vart det peika på at skulane må sikre at overgangsplanen vert følgt og prioritert, då ein kunne oppleve at førskulen og aktivitetar knytt til denne ikkje vart prioritert av skulane.

Tilbakemelding frå einingane viste at det meste av dialog/samarbeid i høve overgangen vert gjort mellom styrar og rektor. Kommunen bør vurdere om ein i større grad enn tidlegare bør prøve å involvere framtidig kontaktlærer meir i overgangsaktivitetane mellom barnehage og skule.

Kommunen bør få på plass rutinar for å fange opp og invitere førskulebarn som ikkje går i barnehage i høve overgangsaktivitetar mellom barnehage og skule.

Kommunen har skriftlege rutinar for å innhente samtykke. Kommunen har også utarbeidd samtykkeskjema. Alle einingane gav tilbakemelding på at det vert innhenta samtykke ved overføring av informasjon mellom barnehage og skule.

Problemstilling 3:

- **I kva grad tilfredsstiller PPT sakshandsamingstida som går fram av lov og forskrift?**

Revisjonen konkluderer med (side 34 i rapporten):

Barnehage og skulane i kommunen var i stor grad nøgd med sakshandsamingstida til PPT og tilbakemeldingar viste at PPT kjem raskt i gong med tiltak og kartlegging. Ein kan derimot ikkje konkludere med om PPT held fristen i høve sakshandsamingstid på tre månadar.

Anbefalingar i frå revisjonen (side 35 i rapporten):

- Kommunen bør vurdere om det skal opprettast faste møtepunkt mellom barnehageeiningane og PPT ute i barnehagane. Dette må vurderast i forhold til PPT sin kapasitet.
- Kommunen bør sette i verk tiltak for å få implementert prosedyrar for å ivareta det einskilde barn under skulealder og i større grad ute på einingane (barnhagane).
- Kommunen bør i sin skriftlege overgangsplan innføre rutinar for å fange opp førskulebarn som ikkje går i barnehage.
- Kommunen bør i større grad enn tidlegare involvere komande kontaktlærer i overgangsarbeid/overgangsaktivitetar mellom barnehage og skule.
- Kommunen bør vurdere om tilbakemelding frå skulen til barnehagen ved avslutta førsteklassesetrinn bør inngå som ein del av overgangsplanen i kommunen.

Tilbakemelding frå rådmannen (side 35-36 i rapporten)

Viser til tilbakemelding frå Oppvekst- og kultursjef side 35 og 36.

Revisjonen kom med kommentarar på grunn av tilbakemeldinga, sjå side 37.

SAK 46/17 BRUK AV HASTEPARAGRAFEN – TILBAKEMELDING

Samrøystes vedtak

1. Kontrollutvalet tek tilbakemelding frå rådmannen og den munnlege orienteringa frå ordførar og rådmann til vitende.
2. Kontrollutvalet føreset rett bruk av kommunelova § 13 (hasteparagrafen) i framtida.

Vedlegg

1. Tilbakemelding frå rådmannen, datert 15.11.2017
2. Særutskrift møteprotokoll: Sak 35/17 Bruk av hasteparagrafen

Saksopplysning

Kontrollutvalet gjorde følgjande vedtak i sak 35/17:

Kontrollutvalet ber ordførar og rådmann snarleg kome med skriftleg utgreiing på avgjera om å fatte vedtak etter kommunelova § 13 (hasteparagraffen) i formannskapssak 70/17: Gjerdsvika hamn – Skjønn sagt av Søre Sunnmøre Tingrett, Vedtak etter § 13 i kommunelova (hasteparagraffen).

Rådmannen har kome med tilbakemelding, og skriv blant anna «Kommunestyret kunna vore innkalla til eit ekstra møte for å gjere vedtak i saka sjølv. Når dette ikkje vart vurdert så har det å gjere med «sakkunnskapen» som låg føre. I ettertid ser ein at dette vart feil.»

Viser elles til tilbakemeldinga frå rådmannen som ligg ved.

I møtet

Ordførar og rådmann var i møtet og orienterte og svarta på spørsmål.

Begge meiner no i ettertid at det var formell feil å bruke hasteparagraffen, kommunestyret burde vore innkalla.

SAK 47/17 UNDERSKRIFT MØTEPROTOKOLL

Samrøystes vedtak

Til å skrive under møteprotokollen saman med leiaren vert vald Gro Brandal.

Møtet slutt.

OLAV MYKLEBUST

Leiar

GRO BRANDAL

Medlem

Utskrift til:

Kommunestyret som melding.

Kontrollutvalet for godkjenning i neste møte.

Rådmann – til orientering.

Ordførar – til orientering.

Søre Sunnmøre kommunerevisjon IKS.